

THE QUIET BEAUTY

-EIT SAMARBEID MELLOM MUSIKK OG ANIMASJON-

I januar 2017, skal Røyst Trio spele inn sitt nye album bestående av 8 originale verk. I høve Røyst Trio si nye plateutgjeving, har Simone Hooymans invitert trioen til eit samarbeid. Dette vil foregå gjennom produksjon av to musikkvideoar med utgangspunkt i handlagde teikningar i animasjonsform. Dei skal og utarbeide eit live-konsept slik at alle konsertar har element av video (VJ) i samsvar med det musikalske.

Simone Hooymans er ein internasjonalt anerkjend kunstnar busett i Ålvik, Noreg. Ho har hatt fleire utstillingar i Noreg og Nederland, samt ei rekke internasjonale gruppeutstillingar. Ho har vunne prisar for sitt animasjonsarbeid, og har mykje erfaring med arbeid i ulike kunstformar som video, installasjon og performancekunst. Simone har tidlegare skapt animasjonsfilm til musikk av artistar som Building Instrument og Mari Kvien Brunvoll.

Simone kom på fleirtalet av Røyst sine konsertar på trioen sin Unconventional Tour 2016 i Hardanger fylkel. Røyst hadde base på Kunsterhuset Messen i Ålvik, som Simone driv, og slik blei ho godt kjend med materialet som utgjer albumet Røyst Trio skal gje ut. Røyst og Simone etablerte raskt ei felles forståing av korleis Røyst sin musikk og Simone sin visuelle kunst og animasjon kan forme eit svært originalt produkt. dette trur vi kan nå ut til eit breitt publikum, samt presenterast på både kortfilmfestivalar, musikkfestivalar, galleri og liknande. Platesleppturneen til Røyst Trio i Noreg våren 2017 vil difor være eit sjangeroverskridande samarbeidsprosjekt med Simone, og rette seg mot både musikk- og kunstpublikum.

Framdriftsplan

Alle datoar gjeld april 2017:

Onsdag 19. – torsdag 20.

Ankomst og øvingsperiode i Oslo

Fredag 21.

Konsert ved Hellviktangen Kunstnercafe, Nesodden

www.hellviktangen.no

Laurdag 22.

Konsert ved Gule Huset, Asker

www.detgulehuset.no

Sundag 23.

Konsert ved Henie Onstad, Høvikodden

www.hok.no

Måndag 24.

Konsert ved Kunsternes Hus, Oslo

www.kunstnerneshus.no

Tysdag 25.

Dagtid: Konsert ved Hole Art Centre, Krokleiva, Tyrifjorden

www.holeartcenter.com/123/informasjon.html

Tysdag 25.

Kveld: Konsert ved Galleri Klevjer, Hønefoss

www.galleriklevjer.no

Onsdag 26.

Køyre til Ålvik Fridag

Torsdag 27.

Konsert ved Kunstnarhuset Messen, Ålvik

www.khmessen.no

Fredag 28.

Konsert ved Kabuso, Nordheimsund

www.kabuso.no

Laurdag 29.

Konsert ved Felt Galleri, Bergen

www.facebook.com/FELTgalleri

Sundag 30.

Retur